



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

UGGDAL, 11.12.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/810-20	7603/17	500	TK//STDAL	

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - KRAV OM AT PLAN VERT LAGT FRAM FOR DEPARTEMENTAL HANDSAMING

Me viser til vårt skriv av 15. november d.å. I skrivet gjer me merksam på at våre innvendingar mot ovannemnde plan framleis står ved lag og at Tysnes kommune vil krevja at planen vert lagt fram for departementet i samsvar med plan og bygningslova (plb.) § 8-4.

Tysnes kommune ber om at Hordaland fylkeskommune sitt planvedtak vert oppheva og at planen vert sendt tilbake for ny handsaming. Dersom departementet finn at planen bør tilpassast ber me om å få høve til å delta i drøftingar kring dette, me er sjølvstilt viljuge til å utdjupe dei punkta departementet ønskjer.

I denne oversendinga har me referert kommunestyret sitt vedtak i PS 27/17, dette står framleis ved lag då kommunen sine innvendingar ikkje har blitt imøtekome i fylkeskommunen si handsaming. Me har vidare valgt å utdjupe eit par punkt, dette gjeld:

1. Planen som ei urimeleg inngripen i kommunen sitt planansvar.
2. Manglande samsvar mellom planen og føremålet med planarbeidet slik det er nedfelt i planprogrammet.
3. Landskapsområde og tilhøve til andre planar.

Bakgrunnen for at me krev planen handsama av departementet er at me ikkje kan sjå at planvedtaket har teke høgde for, eller at det er tilstrekkeleg utgreidd kommunen sine invendingar til planen slik dei går fram av vedtak i kommunestyresak 27/17:

«Tysnes kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune skrinlegg forsøket på å etablera ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Tysnes kommune er positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på.

Tysnes kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «*Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.*»

Planen synes å vera bakoverskuande og kan såleis ikkje seiast å eigentleg vera ein plan i det heile. Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

På vesentlege punkt viser me til at vår opphavlege uttale framleis står ved lag, me ber såleis om at planen vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein regional plan.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurdera å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.

Subsidiært har me følgjande konkrete merknader til plankart og retningsliner, me ber om at dei vert vurdert i den vidare oppfølginga av planen.

Plankart:

Plankartet er med få unntak ein kopi av kommuneplanen sitt plankart frå 2003. Plankartet verkar såleis konserverande og ber preg av at det er ei kartlegging av bakoverskuande karakter og ikkje ein plan med framtidsretta karakter. Dette peikar mot at det ikkje bør nyttast plankart.

I plankartet er ein del eksisterande lokalitetar utvida for å få plass til anlegg som faktisk ligg der i dag, tilsvarande grep bør gjerast langs dei andre lokalitetane som er teikna inn i Langenuen.

Dersom det er meining at område avsett til akvakultur også skal vera tilstrekkeleg til å ivareta fortøyning av anlegga må ein del område utvidast, alternativt må det presiserast i retningslinene at forankring av anlegg kan liggja utanfor det avsette arealføremålet.

Innteikna landskapsområde må avgrensast til sjøområde og ikkje trekkast opp over større landområder i Bårdsund og rundt Godøysund.

Plankartet bør ut frå målsetjinga som har lagt til grunn for arbeidet også kartfesta sjønære næringsområder for å ivareta sjøbunden næring sine behov for tilstøytande landareal.

I den grad planen skal ha ein kartdel må også nye område vurderast ikkje minst opp mot tilhøve som vassgjennomstrøyming, djupna og innverknad på sjukdomsførebygging i havbruksnæringa. Me vil i den samanheng vise til tidlegare søknad frå Lerøy om etablering av anlegg nord for Reksteren. Tysnes kommune ville ikkje vurdera dette som dispensasjon, men opna opp for å gjera ny vurdering ved neste rullering av kommuneplanen og den kommunale kystsona.

Retningslinjer:

Tysnes kommune har følgjande merknader til retningslinene som følgjer planen,.

Retningsline 1.5:

Denne retningslina kan gå ut då det føl hovudregelen i areal og ressurspolitikken at endringar primært skal skje gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjon. I dei tilfella lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre skal dispensasjon kunne nyttast.

Retningsline 2.11:

Det er ikkje behov for denne retningslina då dette i dag vert styrt gjennom naturmangfaldlova og plan- og bygningslova sine føresegner om konsekvensutgreiing. Kva naturtypar som krev særskilt vern er i stadig endring då omfanget av kartlegging synes å vera mangelfullt. Tysnes kommune ber om at retningslina fell vekk, eller i det minste at retningslina vert avslutta etter første punktum. Det er litt uklart om det er slik at fylkeskommunen meiner at karakteristiske naturtypar i samsvar med oppramsinga skal ha eit særskilt vern gjennom planen.

Retningsline 2.13

Denne retningslina bør gå ut då det ikkje er vedteke noko marint verneområde p.t. Dersom det seinare vert etablert eit slikt verneområde må me gå ut frå at retningslinene for verneområde er tilstrekkeleg til å ivareta turvande vern!

Retningsline 2.16

Det synes uklart kva som vert meint med denne retningslina, dersom det vert meint at kommunen i si planlegging skal vurdere på nye og eksisterande område gjennom ei meir detaljert kommuneplanlegging så er det fornuftig. I så tilfelle betyr det at det kartet som ligg til grunn i den regionale planen kan skrinleggjast då det uansett ikkje har noko styring og at det stort sett berre er ein kopi av gjeldande kommuneplanar.

Dersom fylkeskommunen her meiner at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø så er det i så tilfelle ein heilt ny tilnærming som heller ikkje er i samsvar med overordna nasjonale føringar. Det er viktig at innhaldet i denne retningslina vert nærare avklara.

Andre punktum i retningslina framstår også som uklart og me gjer framlegg om slik omformulering: «Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur der det vert vurdert som hensiktsmessig ut frå næringa sine behov vurdert opp mot andre interesser i det aktuelle området.» Ei slik formulering tar høgde for at det kan vera andre tilhøve enn teknologiske nyvinningar eller nye artar som gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Det kan til dømes tenkjast at nye vurderingar knytt til sjukdomsførebygging hjå fisk kan gje grunnlag for å avsetja nye områder. Den føringa fylkeskommunen i dag legg opp til vil i realiteten avgrensa kommunen si plikt til å gjera ei heilskapleg konsekvensvurdering.

Retningsline – Strandsone

I utgangspunktet meiner me at retningslinjer for strandsona ikkje er relevant for denne planen utover å visa samanheng mellom aktivitet i kystsona og behov for tilstøytande anlegg på land.

Retningsline 2.24

Retningslina kan ikkje setje til side, eller avgrensa lovkrava som følgjer av medverknadsprosessar i planlegginga.

Retningsline 2.25:

Denne retningslina har ingen relevans til planen sitt føremål og heller ingen anna relevans og bør såleis strykast.

Retningsline 2.27:

Her må det avklarast kva som vert meint, er meininga her at det er funksjonell strandsone som skal følgjast i størst mogleg grad uavhengig av 100 meters belte. I så tilfelle må det avklarast litt tydelegare i samband med planen. I ljøs av retningsline 2.28 kan retningsline 2.27 verta teke ut av planen.

Retningsline 2.29 til 2.35

Desse retningslinene bør gå ut då dei bør ivaretakast gjennom kommuneplan og den interkommunale planen for strandsona som er under arbeid. I den grad planen skal ha retningsliner for deler av dette bør dei vera avgrensa til dei tilfella der det er naudsynt for å oppretthalda samband mellom aktivitet i kystsona og strandsona.

Retningsline 2.39 til 2.42

Det er heilt uforståeleg at det vert nytta så mykje plass til retningsliner for naust med referanse til planen sitt føremål og planområde. Det vert bede om at desse retningslinene vert teke ut av planen. Retningsliner for naust må ivaretakast gjennom interkommunal strandsoneplan og kommunane si eigen planlegging

Retningsline 3.3.2

I retningslina vert det lagt opp til at akvakulturområde på kommuneplan nivå i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde akvakultur. Tysnes kommune er fullstendig usamd i denne føringa. Me har gode røynsle med avsetjing av til akvakulturføremål i fleirbruksområde, me vil også visa til at dette kan vurderast analog opp mot områder for landbruk der fleirbruksområde er nytta gjennomgåande. Å krevja einbruksområde vil kunna skapa uturvande arealkonfliktar og lite fleksibilitet.

Når det gjeld spørsmål om fortøying som også vert vurdert i denne retningslina ber me om at det vert trekt ut i ei eiga retningsline og vist til at fortøyingane kan gå utover føremålgrensa og elles vera i tråd med nasjonale retningsliner.

Retningsline 3.3.3

Tysnes kommune er som me har nemnt fleire gonger positive til at det i større grad vert vist sambruk mellom kyst- og strandsone. Retningslina bør derimot i større mon leggja til rette for at havbruksnæringa også få tilstøytane næringsområder i strandsona for å redusera seglingstida. Basefunksjonar på land synes å vera ei fråverande tema i denne planen, men det må som eit minimum inn i retningslinene. «

Tysnes kommune utdjuper følgjande innvendingar mot regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

1. Urimeleg inngripen i kommunane si planlegging

Kommunane er etter plan og bygningslova tildelt ansvar for å disponera alt areal innanfor kommunen sine geografiske grenser. Kommunen sitt ansvar vert nærare skildra i plb. §§ 10-1 – 13-4. Det er lagt ein føresetnad om at kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, jf. plb § 11-5.

Fylkeskommunen har ansvar for regional planlegging etter plb. kap 8, regional plan skal leggjast til grunn for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Såleis er det eit gjensidig samspel mellom kommunal og regional planlegging. Regionalt mynde kan etter pbl. § 8-5 fastsetja regionale *planbestemmelser* i form av forbud mot særskilte byggje- eller anleggstiltak. Slike planbestemmelser får direkte rettskraft andsynes einkvar tiltakshavar i område og skal kartfestast. Gjennom *Nasjonal produkspesifikasjon for arealplan Del 2.2 – spesifikasjon for tegneregler, regionale arealplaner*, utgjeve frå KMD fastsett 12.12.14 er det også skissert at rammer og arealføremål i noko grad kan kartfestast gjennom regional plan utan bruk av *planbestemmelse* etter § 8-5. Til regional kystsoneplan er det berre retningslinjer, ein har altså valt å ikkje gjera arealdisponeringa umiddelbar rettskraft. Bruk av retningslinjer er då ikkje meint å gje konkret kartfesta arealdisponeringar som seier kva arealbruk som er tillate og ikkje tillate. Det er også ved påskrift til plankartet utheva at det utgjer ei «vurderingssone for kommunal planlegging.» Det kan vera vanskeleg å sjå konsistensen i dette grepet opp mot dei konkrete formuleringane i retningslinene. I retningslinene § 3.1.2 heiter det mellom anna at i kartfesta arealsone for «landskapsområde» så skal nye areal for akvakultur og større varige tekniske inngrep i hovudssak ikkje tillatast. Me ser også at det i retningslinene er valt ein utstrakt bruk av imperativ form *skal* og *må*. I realiteten synes Hordaland fylkeskommune gjennom arealplankart og tilhøyrande retningsliner å freiste å omgå bruk av regionale planbestemmelser og såleis å gje sine retningsliner ei forseinka rettskraft då kommunane på seinare tidspunkt må innarbeida desse i eiga planlegging.

Det synes som at Hordaland fylkeskommune gjennom dette arbeidet ønskjer å redefinera rolledelinga i dagens plansystem. Fram til no har regional plan vore eit godt verkemiddel for å avklara spørsmål om areal- og ressursbruk som den einskilde kommune ikkje kan løysa innanfor eigne grenser til å bli ein overordna plan som tar sikte på å styra kommunen sine interne arealdisponeringar. Dersom me til dømes ser på retningsline 2.42 heiter det:

Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøg. Naustbygg skal vere maks. 40kvm, maks 1 etasje, maks mønehøg 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

Det er heilt uforståeleg at den regionale planen skal gje så detaljerte retningsliner for einskilde bygg i ljøs av det som fram til no har vore uttalte intensjonar for den regionale planlegginga. Dersom me ser det i ljøs av fylkestinget sitt vedtak punkt 6 er det kanskje likevel ikkje så underleg då det der heiter at:

Detaljert arealplanlegging ligg til kommunane sitt ansvarsområde, og er juridisk bindande. Plankartet i den regionale planen er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging, men det er ikkje juridisk bindande.

Sett i ljøs av ovannemnde retningsline synes det som at fylkeskommunen meiner at kommunane sitt planansvar avgrensar seg til utfylling på reguleringsplannivå. Når fylkestinget

i så sterk grad understrekar at plankartet, og då planen, ikkje er juridisk bindande synes det som at dei ikkje forstår at det med dei valte formuleringane i retningslinene berre er snakk om at planen har ei utsett rettskraft.

Samla vurderer me at den regionale kystsoneplanen framstår som eit urimeleg inngrep i kommunen sin autonomi, og at planen ikkje er uforma i tråd med intensjonane i plansystemet etter plan- og bygningslova. Kommunal og moderniseringsdepartementet skriv følgjande om den regionale planleggjinga si rolle:

Den regionale planleggingen skal gjenspeile befolkningens og brukernes faktiske interesser og behov. Dette krever styrket medvirkning både fra næringslivet og andre brukerinteresser. Blant annet i arbeidet med næringsutvikling må brukerperspektivet og næringslivets deltakelse videreutvikles, slik at den offentlige ressursbruken og tjenestene bidrar til å stimulere verdiskaping og et konkurransedyktig næringsliv. Dialog og forhandlinger er den sentrale arbeidsformen i planarbeidet. Det legges vekt på å oppnå enighet regionalt.

Det er vanskeleg å sjå at dette perspektivet er lagt til grunn i arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

I st.meld. 31 (2000-2001) – Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavfordeling vart intensjonen og føremålet med fylkesplanleggjinga igjen stadfesta:

Regjeringen mener kommunen fortsatt skal være den primære myndigheten i arealforvaltning og lokal samfunnsutvikling, og kommunen skal fortsatt ha hovedansvaret for å bestemme bruken av arealene innenfor eget territorium. Den lokale arealforvaltningen krever nærhet, lokal tilpasning og politisk prioritering.

Imidlertid har planlegging og disposisjoner innenfor en kommune ofte vesentlig betydning også utover kommunegrensene. Skal vi oppnå en effektiv arealbruk og et hensiktsmessig utbyggingsmønster, som også tar hensyn til viktige vernehensyn og miljøverdier, er det ofte nødvendig å se flere kommuner under ett.

Synet på fylkeplanleggjinga som eit verktøy for å tilnærma seg problemstillingar som går utover kommunegrensene vart vidare fylgt opp i St.meld.nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru Om distrikts- og regionalpolitikken*. Ei slik tilnærming til plansystemet er hensiktsmessig og god, men planen som ligg føre i denne førehavinga har ikkje tilført noko regionalt perspektiv til den kommunale planleggjinga.

Vårt syn er at departementet må oppheve fylkeskommunen sitt vedtak, eventuelt må den endrast slik at den framstår som retningsgjevande.

2. Manglende samsvar mellom mål i planprogram og plan

I planprogram vedteke av Fylkesutvalet 24. april 2013 er føremålet med planarbeidet formulert slik:

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Tysnes kommune peika særskilt på at det var vanskeleg å sjå at siste punktum er avspegla i planen. Me har i våre uttaler peika på at planen korkje gjev gode rammevilkår for havgruvsnæringa eller legg til rette for hamneområde og sjøretta næringsareal. I si handsaming av høyringsinnspel har Hordaland Fylkeskommune peika på at vår merknad om manglende samsvar ikkje har relevans då dei har konkretisert målet sitt vidare. Det er noko uklart for oss korleis dei har konkretisert seg vekk frå det overordna føremålet med planen, men me har lagt til grunn konkretisering av mål knytt til havbruk. I konkretiseringa i planprogrammet har dei lagt til grunn ei slik forståing:

«Det vert lagt opp til å lage ein struktur for lokalisering av akvakulturområde i planområdet som sikrar næringa gode og eigna produksjonsområde samstundes som det vert tatt høgde for noverande og framtidig sjukdomsutfordringar. Strukturen skal synleggjerast i plankartet. Bruk av regionale planføresegner kan gjere lokaliseringsstrukturen juridisk bindande inntil den vert implementert i kommunale planar.»

Tysnes kommune er positive til ein plan for bærekraftig vekst, men kan ikkje sjå at dette faktisk er fylgt opp gjennom planen. I akvakulturanalysen som er eit kunnskapsgrunnlag for planen er det trekt opp ulike problemstillingar knytt til miljøproblem ved oppdrett, dette gjeld m.a. forureining, utslepp av næringsstoff frå anlegg, lakselus med vidare. I sjølve planen er dette svart opp ved at planen stort sett berre sementerer eksisterande strukturar, planen legg etter vårt syn korkje til rette for utvikling eller berekraft. Planen tek ikkje inn over seg at det dei siste åra er skjedd ei utvikling innanfor havbruk der ei berekraftig næring truleg har trong for meir areal og ikkje mindre.

For at planen skal kunna seiast å ha svara opp måla knytt til havbruk må planen etter vårt syn som eit minimum ta opp i seg ein del av dei underståande temaområda:

Anlegg for storsmolt

Det er vurdert at utsetjing av storsmolt som vert oppdretta i landbaserte eller lukka anlegg kan redusera problem med lakselus. Planen som no ligg føre tar ikkje inn over seg at desse anlegga krev avsetjing av meir areal.

Varmebehandling av lus

Varmebehandling er eit alternativ til medikamentell behandling av lakselus. Varmebehandling inneber at laksen vert bada i oppvarma vatn (thermolicer). Ei slik måte å nedkjempa lakselus

krev nær dobling av arealet avsett til føremålet trass i at det ikkje vert gjort utvidingar av biomasse. Planen tek ikkje høgde for dette.

Leppefisk

Eit miljøvenleg alternativ i kampen mot lakselus har vore å setja ut leppefisk i merane. I dag kan me registrera at det i alle fall er fleire som er uroleg for at det skjer eit overfiske på leppefisk og at fisken er blitt sjeldan å sjå langs kaiar og brygger. Eit godt alternativ til villfanga leppefisk er oppdrett av rognkjeks for utsetjing. Planen slik den ligg føre no har ingen strategiar knytt til å setja av meir areal til slik oppdrett.

IMTA

Det er lagt til grunn at tang og tare kan ta opp og nyttiggjera seg av avfallsstoff frå oppdrettsanlegg. Det er med dette perspektivet at det no er fleire lakseprodusentar som prøver ut samproduksjon av alger og laks (integriert multitrofisk akvakultur (IMTA)).

Kombinert med moglege miljøeffektar der produksjonen nyttiggjer seg av avfallsstoffer, næringsalter, ammoniak og fosfor frå oppdrettsanlegg vil denne type oppdrett kunne ha vesentlege positive miljøeffektar i tillegg til at det vil kunna vera ei framtidig vekstnæring. Forskningsleiar Aleksander Handå i SINTEF peikar på at forutan å ta opp utslepp vil ein større tang og tareproduksjon ha vesentlege positive effektar på næringa si bærekraft. Dyrking av makroalger vil kunne erstatta import av soya til dyrefor. Dei kan også nyttast til mat og energi og tar i tillegg opp Co₂. Oppdrett av makroalger vil også redusera presset på villfanga tang og tare som er ein potensiell trussel mot ulike økosystem i havet.

Denne type anlegg er normalt sett ut som bøyeriggjar og har vesentleg mindre lokale effektar enn tradisjonelt fiskeoppdrett (støy, lys m.v.) Dei krev relativt store areal, helst lokalisert saman med tradisjonelle anlegg. I rapporten Verdiskaping basert på produktive hav i 2050 er det lagt opp til eit mål om å produsera 20 millionar tonn alger, av dette bør om lag 10 millionar tonn produserast i områder med mykje tradisjonell oppdrett. Arealbehovet er samla skissert til om lag 1200 km² for desse produksjonsmåla. Planen tar ikkje høgde for arealspørsmåla knytt til denne type produksjon.

Andre utviklingstrekk

Det vert arbeidd med nye soneinndelingar og trafikklyssystem for å betra berekrafta innanfor oppdrett. Det er vanskeleg å sjå korleis me kan få lagt ein god og berekraftig plan før dette er på plass.

Omsyn til framtidig vekst

Rapporten Verdiskaping basert på produktive hav 2050ⁱ legg opp til at årsumsetning for havbruk /marine næringar vil vera om lag 550 mrd., kr i 2050 mot om lag 80 mrd. i dag. Det meste av veksten kjem frå akvakultur, under dette produksjon av makroalger. Det vert skissert at tradisjonelt fiskeoppdrett for å nå desse måla vil ha eit arealbehov på 4000 km² meir enn i dag medan oppdrett av makroalger vil ha eit arealbehov tilsvarande om lag 1200 km².

ⁱ Verdiskaping basert på produktive hav i 2050, Rapport fra arbeidsgruppe oppnevnt av DKNVS og NTVA 2012

I St.meld.nr. 16 (2014-2015) vert det også lagt vekt på at arealplanlegginga må leggja til rette for å vidareutvikla fiskeri og havbruksnæringa innanfor ei berekraftig ramme. Det vert mellom anna lagt vekt på at dagens lokalitetsstruktur er ein medverkande årska til fleire av fiskehelseproblema. I særskilt grad gjeld dette på Vestlandet der tettleiken av anlegg er størst.

Mange av punkta ovanfor som er knytt til utvikling av ei meir berekraftig næring er også vekstretta.

Vår vurdering er at planen i svært lita grad tar utgangspunkt i at arealforvaltning kan nyttast til å underbyggja berekraft. I staden for å ta ein ståstad der ein ser på utviklingstrekk i havbruket med siktemål å tilpassa arealbruk til desse utviklingstrekk så prøver planen å sikra berekraft gjennom konservering. For å møte dei utviklingstrekk som kan sikra berekraft over tid trengs truleg større arealavsetningar til havbruk, om enn ikkje til tradisjonelt fiskeoppdrett. Når planen ikkje legg opp til dette bidreg den heller ikkje til å sikra berekraft og vert heller eit hinder enn ei opning for rett forvaltning, med denne bakgrunnen bør planen etter vårt syn ikkje vedtakast i si noverande form.

3. Landskapsområde og tilhøve til vedtekne planar

Kystsoneplanen har disponert større landareal til «landskapsområde», dette gjeld i heile planen sitt nedslagsfelt og det er vanskeleg å sjå denne føresetnaden att i planprogrammet. For arealsone «landskapsområde» heiter det i retningslinene punkt 3.1.2 at «større, varige tekniske inngrep» ikkje skal tillatast. I fleire av desse områda ligg det føre plan for utvikling og utbygging både gjennom kommuneplan og vedtekne reguleringsplanar. Me har bede Hordaland fylkeskommune om å ta vekk områda heilt, subsidiært trekkja områda utanom vedtekne planar. Det har ikkje vore mogleg å få gjort tilpassingar her, me har heller ikkje fått ei avklaring av framtidig tilhøve til gjeldande reguleringsplanar og kommuneplan. Gjennom uturvande planlegging og manglande vilje til å gje avklaringar på kvifor arealsonene ikkje vert trekt utanom dei områda me har peika på bidreg fylkeskommunen til å skape uvisse knytt til etablerte planar.

Tysnes kommune stiller også spørsmål ved om bruk av arealsone *landskapsområde* i realiteten utgjør ei bandlegging, i så tilfelle skal den vera avgrensa til område som ikkje tidlegare er framstilt i kommunal plan. Dei aktuelle områda som er teke inn i planen er tidlegare framstilt.

Tysnes kommune ber om at arealsone for landskapsområde vert avgrensa til kystsona der det er heilt naudsynt vurdert opp mot planen sitt føremål.

KONKLUSJON

Tysnes kommune ber, med bakgrunn i ovanstående, om at Hordaland fylkeskommune sitt planvedtak vert oppheva og at planen vert sendt attende for ny handsaming.

Tysnes kommune stiller seg til rådvelde i fall det er ønskjeleg å gjera endringar i planen.

Med helsing
Tysnes kommune

Kåre Martin Kleppe
ordfører

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi: Kommunar i planområde
Fylkesmannen i Hordaland

Vedlegg: